



Statsråd Åslaug Haga  
Olje- og energidepartementet  
Boks 8148 Dep  
0033 OSLO

Oslo 28.04.08

## Vasskraft som klimatiltak

Klimautfordringa er stor. Med eit høgt energiforbruk, store utslepp av klimagassar og god økonomi har Norge eit spesielt ansvar for miljøvennlig energiproduksjon. Norge bruker om lag 190 TWh fossil energi kvart år. Skal vi kutte norske klimagassutslepp, må vi bytte ut dei forureinande energikjeldene. Da er både energisparing og auka produksjon av fornybar energi nødvendig.

Organisasjonane som står bak dette brevet registrerer at regjeringa ønskjer å bidra til å redusere klimautslepp både nasjonalt og internasjonalt. Det er positivt, og vi støtter at Norge tar ein vesentlig del av klimagassreduksjonen på heimebane. Vi vil likevel advare mot å sette i verk tiltak som isolert sett kan vere positivt for klimaet, men som har andre negative effektar for naturverdiar.

EU har gjennom sine nye målsettingar for fornybar energi auka interessen for å bruke norsk magasinkapasitet som effektreguleringsmekanisme for europeisk vindkraft. Å utnytte dette samspelet mellom vind og vatn har noen fordelar, og det kan vere interessant å sjå på korleis Norge kan bidra.

Det ligg eit potensial i å ruste opp eksisterande kraftverk for å skaffe meir effekt. Også utviding av eksisterande kraftverk kan vere aktuelt der vassdragsnaturen allereie er øydelagt ved kraftutbygging, og ytterligare natur- og friluftsverdiar ikkje går tapt. Det grunnleggjande premisset når vi vurderer slike tiltak, må vere at vi ikkje kan løyse eit miljøproblem gjennom å skape eit anna. Spesielt viktig er det å ta vare på det allereie hardt pressa naturmangfaldet. Derfor må effektregulering ikkje gå ut over truga vassdragsnatur.


Organisasjonane bak brevet vil peike på at følgjande premiss må ligge til grunn når ein vurderer auka effektregulering:

1. Nye store vasskraftutbyggingar er uakseptabelt. Norge har svært god magasinkapasitet, og slik utbygging vil føre med seg store naturinngrep. Om lag 2/3 av vassdraga våre er bygd ut, og ny utbygging vil i stor grad skje i inngrepsfri natur/villmark med store natur-, landskaps-/reiselivs- og friluftslivskvalitetar. Det vil også i stor grad føre til inngrep i noen av dei siste av våre urørte vassdrag, og vil derfor kome i direkte konflikt med Stortingets vedtak ved behandling av St.meld. 37 (2000-01) og formuleringa i både Semerklæringa (Bondevik II) og Soria Moriaerklæringa (Stoltenberg II): *Hensynet til kommende generasjoners naturopplevelser tilsier en restriktiv holdning til vidare vassdragsutbygging, og at vi lar de aller fleste vassdrag som står igjen forbli urørte.*

2. Vi treng ei bedre kartlegging av den norske vassdragsnaturen, og spesielt vassdrag der effektkjøring er aktuelt. Det er særleg viktig å undersøke vassdrag med anadrom laksefisk grundig, men også vassdrag med stort biologisk mangfald, sjeldne naturtypar og inngrepsfri natur.
3. Konesjonsvilkår og manøvreringsreglement ved eksisterande kraftverk er oftast ikkje utforma med tanke på effektkjøring av kraftverk. Derfor er det i praksis ingen restriksjonar på effektkjøring. Dette opplever organisasjonane som svært uheldig, og her er det behov for å gå gjennom regelverket. Dette er særleg viktig for kraftverk som ved endra manøvrering, ombygging eller utviding skal drivast som effektverk, slik at ein sikrer at naturverdiar ikkje går tapt. Bl.a. kan for rask nedtapping av magasin gi så store endringar i vasstanden i elver nedstrøms magasinerna at fisk kan strande (bli liggande på tørt land). I tillegg kan hyppige og store endringar i vasstanden føre til meir erosjon/utvasking både i magasin og elver, med negative konsekvensar for flora og fauna langs og i vassdrag.

Organisasjonane håper statsråden tar med seg våre synspunkt i diskusjonen om Norges bidrag til ei meir miljøvennlig energiforsyning.

Med vennlig helsing



Norges Jeger- og Fiskerforbund



Den Norske Turistforening


Ingeborg Gjærum \s\  
Natur og Ungdom



WWF-Norge



Bellona



Norges Naturvernforbund